

## STØTTAR MUSIKKORPSÅRET 2018

Regjeringa gjev Norges Musikkorps Forbund (NMF) ei ekstraløyving frå speleoverskotet i 2016 på 5 millionar kroner til planlegging og gjennomføring av 2018 som «Musikkorpsets år». Fleire hundre tusen nordmenn er eller har vore medlem i eit musikkorps. Å vere med i skulekorps er eit lågterskiltelbod for læring, talentutvikling og integrering, skriv Kulturdepartementet.

Foto: Berit Keitner NTB Scanpix



Kate Bush på konserten som nærma seg musikkteater i form, i London i september 2014. Pressefoto

denne versjonen er heilt nydeleg.

Skulle så dette ha vore ei audiovisuell utgiving, for å få med alt som skjedde på scenen? Det var nemleg ikkje lite. *Before the Dawn* held seg likevel til å dokumentere ein artist og eit band i storform og overlèt koreografien og scenografien til minnet og til fantasien, noko eg meiner er eit klokt val. Dei teatrele elementa i oppsettjunga var av skiftande kvalitet, særleg i dei partia der sonen til Bush, Bertie McIntosh, då seksten år gammal, fekk sepele ei altfor sentral rolle.

## AUTENTISK

Det hender at det som høyrst strålende ut på konsert, bleiknar noko når ein gjer seg kjend med eit opptak i etterkant. Då eg sette på *Before the Dawn*, var eg spent på om alt verkeleg kunne ha vore så bra som det verka den kvelden i London:

Song Bush så godt, var bandet så presist, var konsertlyden så god?

Svaret er ja. Bush gjer det klart i omslagshftet at dei ikkje har spela inn noko i ettertid, berre lagt til ein og annan lydeffekt. Som Alexis Petridis peikar på i ein omtale i *The Guardian*, har denne dokumentasjonen noko røtt over seg. Det høyrst faktisk ut som eit ekte konsertopptak, ikkje noko som har vorte triksa med i studio i det uendelige i etterkant til det ikkje er til å kjenne att. I staden torer Bush sleppe frå seg ei autentisk framstilling av korleis det var, fordi ho veit at kvaliteten er høg nok. *Before the Dawn* står støtt i Kate Bush' diskografi, og den er kresen.

## ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.

## Arkivet: Gillian Welch



Det har gått tju år sidan Gillian Welch gav ut debutalbumet *Revival*, noko artisten feirar med å gi ut doble *Boots No 1: The Official Revival Bootleg* på det vesle selskapet sitt, Acory Records.

Samlinga inneheld 21 spor og er ein miks av låtar som ikkje kom med på *Revival*, alternative versjonar av dei som gjorde det, og nokre heimelaga demoopptak.

Dei som kjenner Welchs mangeårige samarbeid med David Rawlings, vil vite at kvalitetsnivået er høgt. *Revival* skulle kome til å spele ei viktig rolle for det som gjerne har vorte kalla alt-country-scenen. Ein song som «Orphan Girl», tolka av eit koppel av artistar, inkludert Emmylou Harris på *Wrecking Ball* (1996), har med rette fått klassikarstatus.

*Boots No 1* er ei flott utgiving – både for nye og gamle Welch-lyttarar.

## ØYVIND VÅGNES

## KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

## Å kviskra Mozart

Kielland og Mortensen gjer Mozarts songar utan tilgjord patos.

## CD



WOLFGANG AMADEUS MOZART: **Whispering**

## Mozart

MARIANNE BEATE KIELLAND, MEZZOSOPRAN; NILS ANDERS MORTENSEN, KLAVER. LAWO 2016

Marianne Beate Kielland har ein eigen sølvaktig, litt mørk timbre, med tydeleg diksjon, intelligent tekstutlegging, fin svell på tonen og atterhalden vibratobruk. Ei vakrare røyst kan ikkje tenkjast for Wolfgang Amadeus Mozarts songar. Dette er kunstviser med klaverakkompagnement, også kalla romansar, som Mozart laga 36 av. Dei fleste er heilt ukunstla, medan andre har meir samansette former. Å framføra dei enkle songane er ei utfordring, nettopp av di dei er så skøyre. Stor patos og kjensleutbrot er her malplassert; dei må haldast innanfor dei delikate rammene til komponisten.

## IDEELL GLEDE

Den tidlegaste av Mozart-songane er *An die Freude* (Til gleden), KV 53, som han komponerte som tolvåring i 1768 etter å ha kvikna til att etter sjukdom. Songen er i såkalla strofisk form, altså med same melodi til alle strofene, og har ei nesten seremoniell klare ved seg. Det er ikkje den barnlege, spontane gleden han prisar, men



Den norske mezzosopranen Marianne Beate Kielland syng Wolfgang Amadeus Mozarts (1756–1791) songar, akkompagnert av Nils Anders Mortensen. Foto: Lena Lathi

ideen om ei opphøgd glede, her personifisert som «dei vises dronning», krona med blomar og hylla med lyrespel.

## BARNLEG GLEDE

Mozart var eit vedunderbarn. Men barndomen hans romma eit paradoks: Det at han var eit barn, gjorde han til attraksjon då han turnerte europeiske hoff. Men gjennom turneane blei han på sett og vis frårøva det barnlege – faren var ein kompromisslaus manager som kledde han opp som ein liten vaksen, og han levde støtt i vaksenverda. Kva gjer det med eit barn når ein tek frå det barndomen? Musikkhistoria syner fleire vanskelege lagnader. Tenk berre på barnestjerna Michael Jackson. Han fekk heller ikkje leva ut barndomen, støtt på turné som han var, og

på mange måtar blei han difor verande barn i hovudet til sin døydande dag, femti år gamal.

Mozarts mest kjende song er *Sehnsucht nach dem Frühlinge*, KV 596, på norsk kjend som *Kom, mai, du skønne milde*, som med den iøyrefallande melodien, klårt disponert i firtaktige fraseperiodar, har blitt til folkevise. Men jamvel om han blei til siste året Mozart levde, er komposisjonen barnleg vakker og fri for alt veslevakse. Lyttar me til teksten og kjem i hug at den våren Mozart lengtar så truskuldig etter, faktisk skulle bli hans siste, får denne songen ein underleg sorgtung undertone.

## SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Kantatar for kontratenor

## CD



JOHANN SEBASTIAN BACH, GEORG PHILIPP TELEMANN:

## Sacred Cantatas


PHILIPPE JAROOUSSKY, KONTRATENOR; FREIBURGER BAROCKORCHESTER. ERATO 2016  
Jampføringar: Scholl/Herreweghe (Harmónia Mundi 1998)

Ein kontratenor er ein mannleg songar som syng i falsett og slik kan traktera altstemmer, som jo i vår tid er det lågaste kvinnestemmelægjet. Men kontratenorar var naudsente i tida til J. S. Bach (1685–1750) og G. Ph. Telemann (1681–1767), då kvinner som regel ikkje hadde lov å opptre i kyrkja. Den mest populære kontrateno-

ren for tida, franske Philippe Jaroussky, handterer vanlegvis italiensk og fransk opera, men gjev seg her i kast med protestantisk kyrkjemusikk. Mest kjend er nok Bachs solokantate *Ich habe genug*, BWV 82, som Jaroussky syng med rund og overtonerik hovudklang. Men stundom blir det for fint, for han forelskar seg i sin eigen klang; når han syng

lange tonar, gløymer han rett som det er kva for ord han eigentleg syng og endrar vokalen til den han tykkjer ber tonen best. Konsonantane forsvinn og gjerne langt ned i halseten på han. Kjenner du stykka og teksten, blir det difor smått absurd.

## SJUR HAGA BRINGELAND



Den franske kontratenoren Philippe Jaroussky. Foto: Warner